

Årsmelding for LOP avd Gudbrandsdal for 2021

Årsmøtet i 2021 vart halde den 18.03. i Auditoriet på den vidaregåande skulen på Otta.

Jacup Skedsvold heldt eit interessant foredrag om livet og diktinga til Tor Jonsson.

Valet på siste årsmøtet ga dette resultatet:

Leiar: Birgit Dyrset for 1 år

Sekretær: Liv Storbækken for 2 år

Kasserar: Bjørn Engehagen for 1 år

Styremedlem: Marit Håkenstad for 2 år

Maj-Britt Svastuen for 1 år

Varamedl: Kari Skjåk for 2 år, Ellen Lilleeng for 2 år

Revisorar: Håvard Smidt for 2 år

Gustav Ekre for 1 år

Vara: Njål Bruheim for 1 år

Turkomité: Ole-Petter Hansen, Ola Grøslund, Berit Tangvik og Birgit Dyrset, alle for 1 år

Valnemnd: Ingrid Sørli Dokken for 1 år

Tordis Schei Dahl for 2 år

Eli Fredriksen for 3 år

Medlemstalet er stabilt rundt 100, og kontingenten har vore uendra i 2021, dvs 350kr, av desse er 280kr sentral kontingent.

Aktivitetar

Det har vore 5 styremøte.

Restriksjonar grunna Covid har ikkje vore så strenge dette året, så det er berre planen om Helse- og aktivitetsdag saman med vidaregåande og Aktiv Otta som

måtte skrinleggast. Dei aktivitetane me fekk til å arrangere var alle sers vellukka og hyggelege:

- Dagstur i juni til Ringebu stavkyrkje og prestegard + Dalegudbrands gard (33 var med).
- To-dagars tur i august til Telemarkskanalen, Kistefossmuséet og Hadeland Glassverk (40 var med).
- Dagstur til Tofte Kongsgard i september (40 var med).
- Adventstreff i desember på Thon Otta Hotell (39 var med). Inntoget av det nye, ekstra smittsame Omikronviruset førte til smittevernreglar igjen, men det løyste hotellet på ein forsvarleg og god måte.

Økonomi

Vi har fått 4 nye medlemmar. Økonomien er god, kanskje særleg fordi nokre kreditorar frå langturen i fjor ikkje har sendt fakturaer. Viser til rekneskapan.

LOP sentralt

Etter at Landsmøtet i LOP var halde i januar 2021 etablerte organisasjonen desse utvala for å følgje opp saker som var behandla :

1. Helse- og velferdsutval
2. Vervekomite
3. Komite for informasjon og omdømmebygging

Av andre saker det har vore jobba med kan nemnast:

- Innspel til Statsbudsjettet,
- Trygdedrøftingar
- Kontakt med regionane

Takk til alle som har støtta opp om LOP i 2021 og vel møtt til ny innsats i 2022!

*Birgit Wyrud
leiar*
Liv Storbækken
sekretær

Bj. Kjesbu

*Liv Storbækken
sekretær*

*Maj-Britt Sævi
styremedlem
Marit Håkenstad*

PROTOKOLL

Referat frå årsmøtet i LOP avd Gudbrandsdal den 17.03.2022 på NGVGS, avd Otta

Til stades: 28 medlemmar

Kjell Voldheim heldt eit svært interessant lysbildeforedrag om Otta frå rundt 1890 til 1970.

Sak 1:

- Innkallinga vart godkjent
- Birgit Dyrset vart vald til møteleiar
- Liv Storbækken vart vald til sekretær
- Eldbjørg Sletten og Ivar Teigum vart valde til å skrive under møteprotokollen

Sak 2: Årsmelding

Årsmeldinga var send ut saman med innkallinga til årsmøtet. Den vart referert av sekretæren og samrøystes godkjent.

Sak 3: Rekneskap og budsjett

Kasserar gjekk gjennom rekneskapen. I 2021 vart det eit underskot på kr 11 882.

Årsakene er at kontingenten sentralt har auka, det har vore stor aktivitet dette året, og at det på tampen kom ei rekning frå fjoråret på kr 12000. Budsjett for 2022 vart og lagt fram.

Rekneskapen og budsjettet vart samrøystes godkjende.

Sak 4: Kontingent

Av kontingenten på kr 350 har den sentrale delen auka og er på kr 290. For å få meir pengar lokalt, foreslår styret å auke den totale kontingenten til kr 400. Vi foreslår og at frådraget for ektepar vert kutta.

Begge forslaga vart samrøystes godkjende.

Sak 5: Val

Leiar: Birgit Dyrset for 1 år

Sekretær: Liv Storbækken for 1 år

Kasserar: Bjørn Engehagen for 1 år

Styremedl.: Marit Håkenstad for 1 år, Maj-Britt Svastuen for 2 år

Varamedl.: Kari Skjåk for 1 år, Ellen Lilleng for 1 år

Revisorar: Håvard Smith for 1 år, Gustav Ekre for 2 år,

Vara: Njål Bruheim for 2 år

Turkomiité: Birgit Dyrset, Ola Grøslund, Ole-Petter Hansen, Berit Tangvik: alle for 1 år

Valnemnd: Tordis Schei Dahl for 1 år, Eli Fredriksen for 2 år,

Kari Bjølgerud Hansen for 3 år

Etter årsmøtesakene orienterte Birgit om

- planlagt overnattingstur 14.-16. juni til Molde- Kristiansund -Grip-Tingvoll
- planlagt dagstur til Bjerkebekk – Aulestad – Peer Gynt-vegen
- moglege framtidige turar til Gdansk (vil kreve 3-4 overnattingar), Skagen, Flor og Fjære i Stavanger og Loen
- Eldreråd: I fleire kommunar er det ikkje representantar får LOP i dei kommunale eldreråda. Dette er viktig å arbeide for. I Sel kommune er dette ikkje eit problem pr no, LOP har 2 representantar, med ein vara, samt politisk representant. Rådet jobbar bl.a. med «Leve hele livet» og med tomt til eldreboliger.

Når det gjeld saker frå LOP sentralt var nemt :

- **Helse- og Velferdskomitéen** arbeider med å inkludere» tannhelse i helse- tenesta.
- **Pensjon:** Her var det vist til Høyrings svar om endring i forskrift når det gjeld grunnlaget for regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i foketrygda for 2021. Det vart og vist til at regjeringa frå og med trygdeoppgjøret for 2021 vil legge dette fram som eiga sak for Stortinget i vårsesjonen.
- Rådgeving:** Det er tilsett rådgjevarar sentralt som kan hjelpe medlemmar i spørsmål om pensjon, arv mm.

Liv Storbækken

sekretær

Eldbjørg Sletten

Martine

Birgit Dyrset
Møteleiar